

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.12.2014

**Torill Selsvold Nyborg** sette fram slikt forslag:

"Endringar:

4c Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. i pakken vert nytta hovudsakleg til tiltak på vegnettet i Meland kommune."

6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen, bompengeselskapet og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken."

**Torill Selsvold Nyborg** trekte forslaget sitt.

### Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (Frp).

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsetta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
  - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
  - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:
  - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsberg tunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.
  - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengeopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
  - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune, i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.
  - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnittet.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramma for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil

i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.

6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.